

## **SAK 61/14    VIDAREUTVIKLING KARRIERESENTER HALLINGDAL**

### **Saksopplysing**

I sak 52/13 orienterte Kjersti Dovland, prosjektleiar for utvikling karrieresentra i Buskerud om arbeidet med utvikling av karrieresentra i Buskerud. Målsettinga med karrieresentra er å gi tilbod om karriererettleiing til den vaksne delen av befolkninga og gi rettleiing til ungdom som ikkje er i skula. Karrieresentra saman med aktuelle samarbeidspartar er tenkt at skal kunne koordinere, samordne og samarbeide på tvers av utdanningsnivåa og mellom utdanning og arbeidsliv.

Buskerud fylkeskommune og NAV Buskerud ynskte å samarbeid for å utvikle eit godt tilbod innan karriererettleiing for innbyggjarane i Buskerud. Regionrådet for Hallingdal vart utfordra på om utvikling av karrieresenter i Hallingdal var interessant noko det vart gjeve positive attendemeldingar på. I arbeidsgruppe for Hallingdal var det ynskjeleg at det var med representantar frå Regionrådet og rådmannsutvalet. Ordførar Hallvor Lilleslett, Gol kommune og rådmannen Tone Tveito Eidnes i Ål kommune har vore med i arbeidsgruppa.

Rapport «Videreutvikling av karrieresenter i Hallingdal» vil bli presentert på møte.

I januarmøte 2015 er det tenkt at regionrådet får saka til realitetshandsaming.

Ål 12.12.2014

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Rapport «Videreutvikling av karrieresenter i Hallingdal», sept. 2014